

**Tapte i toppoppgjeret**

01.09.2008

**Rosendals kvinnelag i 4. divisjon, som også har eit solid innslag av uskedelinger, tapte toppoppgjeret mot Varegg/Sandviken. Av uskedelingerne var Ida Røssland, Merete Haugland og Reidun Musland med denne gongen og Reidun scora eitt av måla. Merete debuterte etter 11 års fravær frå fotballen.**

Kampen på Stemmemyren endte 4-2 til heimelaget og dermed har dette to poengs leiing på tabellen.

Trenar Stig Dagfinn Tveiten er trass i alt godt nøgd med innsatsen. Dei spelte jamt lenge, men vertane tok kvinneheringane på fysikken. Første omgang enda 1-1 og var dekkande for kampen så langt. Sjukdom og skader gjorde at det ikkje var mogeleg å mobilisera maksimalt, seier Tveiten til Kvinneheringen.

Vertane hadde sterke spelarar i alle ledd. På grunn av forfalla spela 15-åringane Tonje Skåla og Ingeborg Lunde denne gongen.

Neste kamp for Kvinnherad-laget er neste søndag 7. september - borte lot Løv-Ham. Dei ligg nest sist på tabellen.